

Daa eg gjekk for presten.

Av Marta Bigdal.

Eg gjekk um vetteren, og eg hadde fire mil aa gaa paa ein dag: tvo mil fram og tvo heim. Vegen var lang; men det var ikkje det verste. Det verste var, at han laag yver nokre nakne vêrharde heidar, so det mang ein gong stod um livet aa greida seg for ei slik liti gjenta som eg var den gongen. Saag det ut til regn, laut eg hava trugor; var det kaldt og klaart, tok eg ski; oftast tok eg baae slagi, for aa vera trygg. Og einsleg var eg. Heimen min laag under blaae bredden inne i eit avhol; far hadde ein stor barneskolk aa syta for, og hadde ikkje raad til aa leiga nokon til aa fylgja meg.

Ein morgon i desember gjekk far og eg fraa stova klokka 5; eg skulde stad og lesa. Far vilde fylgja med upp paa Storhaugen, paa lag ein fjordungs veg. Eg tok med meg lykt og ski og trugor; for det drog upp svarte skyer — det var litt til det vilde koma uvêr.

Det var stupande bratt upp gjennom lidi; vegen var til-laga med troppeftig. Men far drog meg upp etter skistaven, so det gjekk fort. Daa me kom upp paa Storhaugen, var det so mykje ljost at me fekk sløkkja lykti. Han far saag seg omkring, og so sagde han: „Du fær sjaa til aa koma att so tidleg det er raad i kveld; for det kjem uvêr, ser eg. Ja, lukka paa ferdi di daa! Lat meg no berre sjaa du tek deg i vare ned gjennom Likhol-brekka, at du ikkje gjer deg skade.” Eg lova at eg det skulde gjera, og so gjekk me kvar sin veg.

Eg kom fram til prestegarden klokka 10. Klokka 1 var me som oftast vane vera ferdige; men denne gongen sagde presten at me fekk vera noko lenger. Eg hadde visst fenge lov fyrr, hadde eg havt

mannskap til aa beda um det; men det hadde eg ikkje. Og ikkje kunde eg venta at presten skulde hugsa slikt sjølvmint, so mange som der var samla.

Det var alt aat og myrkna, daa eg tok paa heimveg; og uvêret heldt paa og kom. Daa eg kom upp paa høgdi, vart det so fælt med snø og snødriv, at eg knapt fekk upp augo. Myrkt var det, so eg saag ikkje kvar eg skulde fara, og lykti slofna alt i eino. Eg grov meg ned i snøen og tendra henne upp att gong paa gong; men verre og verre vart det. Eg bala og byfste og arbeidde i snøskavlarne; og so skyna eg at eg kom ikkje lenger. Eg var so klar, so klar. Daa var eg komi noko yver halve vegen. Eg hengde lykti paa toppen av skierne mine og støyrdede deim ned i snøen; eg tenkte at naar dei kom og skulde leita etter meg, so kunde dei sjå for langt eg var komi. So kom eg i hug far og mor og alle heime, og vilde prøva lenger. Eg kom nokre fet; men nei. Eg datt i koll i ei snøfonn og vann ikkje upp att; snøen dreiv yver meg. Eg grov med baae hender, so lenge eg kunde — og so kom snevnen. So snevning hev eg aldri vore; det var raadlaust aa halda uppe augo. —

So visste eg ikkje meir, fyrr kvelden etter. Daa vakna eg og saag eg var heime; men eg sovna att straks.

Det gjekk fjortan dagar, fyrr eg fekk vita korleis eg var heimattfomi. Daa fortalde far at han og tvo andre var farne paa leiting etter meg, og at dei fann meg um morgonen, stiv og livlaus, som dei meinte. Dei bar meg so heim, vaska meg i kaldt vatn, gnika meg med snø, og etter mykje arbeid fekk dei liv i meg. — Denne kalde natti fekk eg minnast lenge. Um vaaren sette me upp ein varde til minne, og han stend der den dag i dag.



Drugor: snøsko (som ei liti tre-grind).

